


Den internasjonale Eldredagen vert skipa til på Husnes torsdag 11. oktober og hovudinnslaget denne gongen blir ved den kjende NRK-mannen Jacob Skarstein (86), fortel kultursjef Kristian Bringedal. I desse dagar går det ut invitasjonar til alle pensjonistar og eldrelag i Kvinnherad om å melda seg på.



Jacob Skarstein er 86, men har slett ikkje lagt inn årene.

Dette er andre gongen kommunen skipar til Eldredagen, som Bringedal kallar ei storsamling for dei eldre i kommunen.

Foredraget til Skarstein har han kalla "Seniorkultur – eldre som brubyggjarar og formidlarar av kulturarven". Skarstein vart bortimot ein institusjon i norsk radio. Han starta i NRK Hordaland like etter krigen og takka for seg i 1991 då han fylte 70 år. Då hadde han ikkje berre leia – han hadde faktisk vore Middagsstunden i 25 år.

Seinare har Skarstein fått pris for sitt store arbeid med å etablera og driva Senioruniversitetet i Bergen. Det vart starta i 1997 som Pensjonistuniversitetet og vart ein stor suksess.

- Kvinnheringane vil særleg minnast Skarstein frå 1978 for programmet han laga frå festsalen i samfunnshuset på Husnes. Det hadde tittelen "Samspel og samkjensla på Husnes". Då spela Harald Ekeland trekkspel og Liv Horgen las dikt. Grønningen deltok med bogeskyting og arkitekt Ivarsøy orienterte om det nye kulturhuset, minnast Bringedal.

Han skal binda saman programmet nå 30 år etterpå, i samarbeid med Bjørn Skibenes. Griegåret skal markerast med ord og tonar av Ingunn Aadland, opplyser Bringedal. Han vonar på fullsett sal, slik det var i fjor.

Av Ola Matti Mathisen